



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref
2019/1091/12/033

Dykkar ref:
«REF»

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
23.10.2020

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat frå møte i Brukarrådet den 22. oktober 2020

Møtestad: Bispen

Møtetid: 09:00 – 12:30

Fråfall: Else Brandsar meldte fråfall – Nora Fosstuen innkalla og møtt.

Odd Joar Ramstad møtte ikkje.

Dialogmøte med ordførar og kommunedirektør:

Leiar las opp mandatet til Brukarrådet. På vegne av rådet uttrykkte ho ynskje om å få vera ein ressurs for kommunen. Ho la og fram ynskje om å få koma tidleg inn i saksprosessane.

Ordførar sa at ein må sjå på mandatet til Brukarrådet, da det er gammalt.

Ho orienterte om at ho har bestiltt opplæring til rådet, og at det truleg blir i november.

Kommunedirektøren la fram fleie forslag om rutiner ein kan ha for å få sakene til uttale i Brukarrådet.

Det var og yttra ynskje om at ein skal nytte nytt sak/arkivsynstem til handsaming/arkivering av møteprotokollane, og at dei blir publisert saman med dei andre utvala på heimesida til Skjåk kommune.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Befaring HC parkering ved Skjåkhallen.

Brukarrådet var på befaring saman med Teknisk sjef, Ove John Plassen.

Rådet kom med følgjande forslag:

Fysisk skille med merking mellom HC parkering og gang/sykkelveg.

Parkering forbudt skilt bør opp på veggen til Skjåkhallen.

Ove John ville ta dette opp med vaktmeistrane til våren.

Sak nr. 10/20:

Gjennomgang av kommunale gebyr for 2021. Økning av satsar for dagtilbud.

Monica Wegner kom med forslag om at eigenbetaling for opphold ved skulefri vert fjerna. Dette med bakgrunn i at avlastning skal vera gratis i høve lovverket, jfr. Helsedirektoratet sin veileder for pårørande.

Hvis kommunen meiner at eigenbetaling er innafor lovverket, skal satsen følge forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester §4 ,som per 16.11.11 var kr. 90,-.

Brukarrådet sluttar seg til forslaget frå Monica Wegner.

Sak nr. 11/20:

Notat vedr. mandat for arbeidsgruppe oppnemnt av DUR i Nord-Gudbrandsdal.

Monica orienterte om notatet.

Arbeidsgruppa ynskjer innspel på kva for tilbud ein kan ha ved LGLMS.

Brukarrådet tek opp att saka på neste møte, og eventuelt kjem med forslag.

Sender over notatet til Inger Helene Brandsar til orientering. Brukarrådet tenkjer at det kanskje kan gå til orientering i Hovudutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur.